

Referat frå styremøte i HLF Årdal og Lærdal:

Møtestad : Øvre Årdal. KI 1400.

Desse møtte: Arne Hovland , Patricia Seglem Lægreid og Olav Wendelbo

Møte var kalla saman av leiaren.

Arne Hovland er nyvald medlem i fylkesstyre , orienterte til sak 1.

1. Referat frå årsmøte i fylkeslaget.
 - a. Info om heimesida (eige punkt)
 - b. HLF sin sentrale kampanje
 - c. Innsendt framlegg (Audiograf Lærdal, Nordfjordeid sjukehus, 50%)
 - d. Info om valg
2. Medlemsliste, nye medlemmer, utvikling i medlemstal.
Her vart det drøfta ymse tiltak viser til sak 4.
3. Info til Heim og kvardag (årsmelding, årsmøteprotokoll og litt om planar)
Olav tek kontakt me redaksjonen i Helg og Kvardag . Prøver å få plass til årsmøtereferat m.m.
4. Tiltak i lokallaget: Framlegg
 - a. Hørselsboksen (Årdal og Lærdal)
Arne jobbar med å få plass til fylket sin Høyreboks under dagane Fjord og fjell I Årdal.
Olav det same i Lærdal. Lærdalsmarknaden. Arne tek opp med fylkesstyret om personell til å betjene boksen . Lokalt stiller vi med minst 2 hjelparar kvar stad.
 - b. Pensjonistlaget i Lærdal (info som i Årdal) Praktisk: Lyd, projektor?
Olav tek kontakt med Pensjonistlaget i Lærdal om det er interesse for å få same informasjon som Arne gav pensjonistlaget i Årdal . Det opplegget vart svært godt motteke
Laget har eigen teleslynge. Satsar på å få låna lyd og prosjektor. Om det vert turvande.
 - c. Oppfølging pensjonistlaget i Årdal
Arne har opplegg for oppfølging av pensjonistlaget i Årdal. Vonar å få til det same i Lærdal.
 - d. Likemannsarbeidet (utdanning av ny likemann)
Patricia vil gjerne ta utdanning som likemann. Laget dekkar nødvendige utgifter til eigenandelar m.m
 - e. HLF sin sentrale kampanje (Hvert øre teller) Målgruppe; Yrkesaktive.
 - i. Korleis bruke denne lokalt?
 1. Samarbeidspartnere?
 2. Ansvar?
 3. Praktisk gjennomføring, Årdal og Lærdal?
 - a. Stad?
 - b. Tilgang på hjelpemiddel?
 4. Tidsramme?
Her vart det drøfta ymse strategiar. Vi er samde om å starta med arbeidsgivarar og arbeidstakar organisasjonar. Dette prøver vi å

lufta i sumar. Tek sikte på å starta opp informasjonsarbeidet frå hausten av.

5. Heimeside. Korleis gjere den meir levande?

- a. Referat frå årsmøtet?
- b. Referat frå styremøte?
- c. Andre innspel?

Arne ser på heimesida til laget og legg inn nødvendig informasjon.

6. Kommunikasjon med medlemmene:

- a. Korleis få nærare kontakt med medlemmene?
- b. Korleis minske kostnader med info til medlemmer?
 - i. Innhente e-postadresse frå fleire medlemmer?
 - ii. SMS, korleis nytte dette betre? Sentral info om bruk?
 - iii. Gruppere medlemmer etter informasjonstilgjengelegheit?
 - iv. Medlemsmøte med visning av filmen i kampanjen eller annan film? Sosialt samvær? Praktisk info? Rekruttere aktive medlemmer/deltakarar til enkelttiltak?

Styr ser på bruken av alle desse formene med kommunikasjon med medlemmene. Prøver å nå ut med informasjon og innhenting av e.post /mobilnr til medlemmene. Vil gjerne invitere hjelpemiddelsentralen til å komme på eit informasjonsmøte i laget , der dei kan informera om og visa utstyr som er til hjelp for folk med ymse høyrrevanskar.

7. Neste styremøte? Dato og stad?

18 Mai kl 1445 Øvre Årdal

Møte slutt kl 1530

Olav Wendelbo